

# Budsjett- og økonomiplan 2021-2024

*Investeringsprogram- Sektor for samfunnsutvikling -02.11.22*



Sektor samfunnsutvikling

## Innhold

Innleiing .....	3
Investeringer økonomiplan 2021-24 .....	4
Nye bygg og ombygging .....	5
Ny ungdomskule – 170,8 mill (30031).....	5
Nytt symjeanlegg – 188,9 mill (30032).....	5
Ombygging Vikebygda skule – 4 mill (Ny) .....	5
Brannstasjon Hornindal – 15 mill (30034).....	5
Etablering av vaskeri – 6 mill (Ny) .....	5
Oppgradering kommunale bygg – 3,7 mill (30007).....	5
Bustadfelt .....	6
Byggefelt Volda sentrum – 37,5 mill (Ny).....	6
Infrastruktur og veg .....	7
Sambindingsveg Håmyra – Engesetgeila – 20,4 mill (30019).....	7
Engesetvegen– 13,7 mill (30020) .....	7
Raudmyrvegen - 4,7mill (30023) .....	8
Asfaltering - 1,5mill (30035) .....	8
Veglys, skifte ut HQL – 1,5 mill (Ny) .....	8
Trafikktrygging – 1 mill (Ny) .....	8
Sentrumsutvikling.....	9
Strategisk eigedomsutvikling (30038) .....	9
Sentrumstiltak – 5 mill (30013) .....	9
Maskinar, bilar og inventar .....	9
Elbil og ladeinfrastruktur – 5 mill (30043).....	9
Skifte av brannbil (depot) – 1,1 mill (Ny) .....	9
Bil og utstyr veg og park - 1,38mill (Ny) .....	9
Ny bil feiing – 0,7 mill (Ny).....	9
Energireducerande tiltak Prestegata 33 – 0,3 mill (Ny) .....	10
Investeringsprosjekt vatn og avløp 2021-2031 .....	10
Vatn .....	10
Avløp.....	10
Sagelva – Furene .....	11
Heltnevegen/Grønbakken/Nygardsvegen/Bakkevegen.....	12
Samankobling av Grodås og Holebakkane vassverk .....	13
Samankopling av Gausemel og Ytrehorn RA .....	14
Pumpeleidning langs E39 .....	15

## Innleiing

Sektor for samfunnsutvikling legg fram sitt forslag til investeringar for økonomiplanperiode 2021-2024. Tal i tabellen er eks.mva.

Investeringar i gjeldande økonomiplan for ny ungdomskule, svømmehall, brannstasjon, ladeinfrastruktur til el-bilar, oppgradering kommunale bygg er vidareført.

Vidare er det lagt til grunn :

- Investeringar som er påbegynt og ikkje ferdigstilt i 2020 vert overført til 2021 for ferdigstilling.
- Prosjekt som ikkje er påbegynt i 2020 vert vurdert på nytt saman med nye forslag som er lagt fram frå avdelingane.

## Investeringer økonomiplan 2021-24

<b>§ 5-5. Bevilgningsoversikter – investering</b>					
<b>Årsbudsjett 2021 / Økonomiplan 2021-2024 på prosjekt</b>					
Tall i kroner	Budsjett År 2020	Budsjett År 2021	Budsjett År 2022	Budsjett År 2023	Budsjett År 2024
<b>Fra bevilgningsoversikt:</b>					
<b>Investeringar til fordeling (netto)</b>	<b>333 231 015</b>	<b>226 726 667</b>	<b>335 666 667</b>	<b>255 766 667</b>	<b>95 000 000</b>
<b>Nye bygg og ombygging:</b>					
Ny ungdomsskule	10 000 000	25 266 667	75 266 667	60 266 667	
Svømmehall	5 000 000	22 300 000	101 600 000	60 000 000	
Ombygging Vikebygda skule		4 000 000			
Brannstasjon Hornindal	5 000 000	15 000 000			
Etablering av vaskeri		6 000 000			
Oppgradering kommunale bygg	958 074	3 700 000	3 700 000	3 700 000	3 700 000
<b>Bustadfelt:</b>					
Byggefelt Urbakkfoten		15 000 000		- 5 000 000	- 5 000 000
Byggefelt Bratteberg		12 500 000			
<b>Infrastruktur og veg:</b>					
Sambindingsveg Urbakkfoten		20 400 000			
Opprusting Engesetvegen forbi omsorgsenteret til samleveg	4 661 819	8 600 000			
Raudemyrvegen, samleveg	1 200 000		3 500 000		
Asfaltering	3 000 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	3 000 000
Veglys utskifting HQL		1 500 000			
Trafikktrygging	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
<b>Sentrumsutvikling:</b>					
Strategisk eigedomsutvikling	20 000 000				
Sentrumsprosjektet	11 545 036	5 000 000			
<b>Maskiner, bilar og inventar</b>					
Elbilar og kommunal infrastruktur	500 000	5 000 000	6 000 000		
Skifte av brannbil(er) depot		1 100 000		1 100 000	
Skifte av lastebil park		800 000			
Ny bil feiing		700 000			
Energireducerande tiltak Prestegata 33 - Varmepump		300 000			
Plentraktor parkavdeling		250 000			
Robotklippar		180 000			
Snøfresar		150 000			
<b>IKT og digitalisering</b>					
Utskifting pc'ar, skjermar m.m	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Infrastruktur nettverk IKT	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Helseplattform				10 400 000	
<b>Vatn og Avløp (Sjølvkost)</b>					
Avløp samleinvestering	18 282 540	27 100 000	51 500 000	68 300 000	32 300 000
Vatn samleinvestering	11 005 089	37 380 000	79 000 000	37 500 000	43 000 000
Nye Startlån	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
<b>Sum investeringer 2021 - 2024</b>	<b>104 152 558</b>	<b>226 726 667</b>	<b>335 066 667</b>	<b>250 766 667</b>	<b>90 000 000</b>

Tala er eks.mva

## Nye bygg og ombygging

### Ny ungdomskule – 170,8 mill (30031)

Finansiering av ny ungdomskule er lagt inn med 170,8 mill.

### Nytt symjeanlegg – 188,9 mill (30032)

Finansiering av nytt symjeanlegg (alternativ 3) er lagt inn med 188,9 mill.

### Ombygging Vikebygda skule – 4 mill (Ny)

Læringsenteret flyttar frå leigde lokaler til Vikebygda skule. Flyttinga gir ei innsparing på 2 millionar årleg, men det er naudsynt med tilpasning og ombygging av lokale ved Vikebygda skule. Dette er ein estimert kostnad.

### Brannstasjon Hornindal – 15 mill (30034)

Det skal byggast ny brannstasjon (utrykningsstasjon) for Volda kommune Brann og redning i Hornindal. Adresse Ytrehornsvegen 52, gnr. 178 bnr. 61. Samla ramme for prosjektet er 20 millionar kr der fullfinansiering av prosjektet er lagt inn i 2021 med 15 millionar kr. Prosjektet er igong og konkurransegrunnlag er ferdigstilt og prosjektet vert lyst ut på anbod i 2021.

### Etablering av vaskeri – 6 mill (Ny)

Ein viser til innsparingstiltak helse og omsorg. Skal ein etablere ei slik verksemd vil det vere naudsynt med investeringsmidlar for å legge til rette for slik verksemd. Dette er ein estimert kostnad basert på Ørsta kommune sine erfaringar.

### Oppgradering kommunale bygg – 3,7 mill (30007)

Dette er ein ordinær vedlikehaldspott som vert vidareført og som vert nytta mot generell kommunal bygningsmasse. I 2020 vart dette sett igong og gjennomført:

- Oppgradering Monsvegen 7A og B - ikkje ferdigstilt i 2020
- Oppgradering Sevrinhaugen 5 - B og D ferdigstilt i 2020, A og C blir ferdigstilt 2021
- Etablering av nytt Fellesareal legeloftet – ferdigstilt 2020
- Oppgradering Sollida 2B – ferdigstilt 2020

## Bustadfelt

### Byggefelt Volda sentrum – 27,5 mill (Ny)


Ein legg inn investeringsmidlar for å setje igong utbygging av kommunale bustadtomter i Volda sentrum i 2021. Samla ramme som er lagt inn er 50 millioner kroner eksklusiv grunnerv.

Volda kommune sine kalkyler for utbygging av bustadfelt B58 Øvre Heltne (30083) er stipulert til 32,5 mill eksklusiv grunnerv. Der er behov for å fullfinansiere prosjektet i 2021.

Bustadfelt Urbakkfoten (30088) har ei kalkyle på 15 mill eksklusiv grunnerv Prosjektet heng saman med sambindingsveg Håmyra-Engesetgeila.



B58 Øvre Heltne



Urbakkfoten

## Infrastruktur og veg

### Sambindingsveg Håmyra – Engesetgeila – 20,4 mill (30019)

Det skal byggast om lag 515 meter veg (P595 – P1110) inkludert einssidig fortau, gangveg, busslomme og eksisterande avkøyrslar skal tilpassast ny situasjon. Vegen og fortauet skal tilknyttast eksisterande gate Engesetgeila/ Kleppevegen i vest, eksisterande eigedomar i vest skal tilpassast mot "ny veg". Avkøyrslene til bustadane lengst aust i Engesetgeila får ny tilknytning til sambindingsvegen. Normalprofilen for vegen er i samsvar med vegnormalane, vegklasse S2 med lokal tilpassing. Vegen er definert som samleveg og fartsgrensa skal settast til 40km/t.

Prosjektet har ei kalkyle på 20,4 mill.



### Engesetvegen– 13,7 mill (30020)

Prosjekt «Utbetring Engesetvegen» inneber opprusting av eksisterande kommunal veg. Vegtraséen strekkjer seg frå rundkøyringa til Storgata og Lerkane i sør, og opp til kryss mot Kleppevegen i nord. Dette vegstrekket er i dårleg standard og i kurvaturen forbi Volda omsorgssenter er vegen ikkje brei nok til ei tilfredstillande trafikkavvikling. Særskild for bussar og annan tungbiltransport er vegen ei utfordring pr. i dag. Ein må finansiere opp prosjektet med 8,6 mill i 2021 og kalkyle for prosjektet er 13,7 mill kr.

Prosjektet må sjåast i samanheng med ny sambindingsveg mellom Håmyra/Heltne og utbetring av vegane på Klepp/Engeset.

### Raudmyrvegen - 4,7mill (30023)

Raudemyrvegen må opprustast og utvidast og etter planen er dette tenkt etter opning av samleveg over Håmyra og Urbakkfoten. Ein vil gjennomføre eitt mindre reguleringsarbeid basert på intern prosjektering av anlegget. Utbygging vil starte når samlevegen gjennom Urbakkfoten kan opnast for trafikk, då denne vert omkøyringsveg for Solhøgda og Håmyra.

### Asfaltering - 1,5mill (30035)

Tradisjonelt har ein over fleire år brukt om lag 3 millionar årleg til asfaltering av kommunale vegar. Ein rår til at ein vidarefører midlane, men med redusert tildeling på 1,5 millionar kroner i 2021. Ein skal etablere ein eigen temaplan for kommunale vegar og vil i den forbindelse gjennomføre ei digital kartlegging av alle vegar. Denne planen og grunnlaget i kartlegginga vil vere førande for prioritering av vedlikehald framover.

Omlag 4,87 km (snittpris på 616 kr pr meter) vart asfaltert i 2020:

- Finnesvegen - 2,35 km
- Notabreidsla – 140 m
- Saure, FV41 - 1,1 km
- Stikkveg til Holte – 320 m
- Eidheimsvegen – 960m

### Vegllys, skifte ut HQL – 1,5 mill (Ny)

Ein ønskjer å skifte ut gamle HQL armaturar (kvikksølv damplampe) som står langs vegane i Volda kommune. Slike armaturar har ein langs kommunale, fylkeskommunale og riksvegar. HQL armaturane er ofte 25-40 år gamle, der mesteparten er over 30 år.

Det er ikkje mogeleg å få nye standard pærer til desse, då pærene inneheld kvikksølv og er ulovlege å selje. Armaturane har høgt straumforbruk (snittet ligg på om lag 135W) og gjev relativt dårleg lysutbytte og difor dårleg trafikktryggleik. Lyspunkta, om lag 400 stk, som er aktuelle å skifte ut :

- Bjørke – 65 stk
- Hornindal – 50 stk
- Volda – 280 stk

Kostnad for HQL armatur over 10 år er:  $4000\text{t}/\text{år} \times 135\text{W} \times \text{kr } 1,10^* \times 400\text{stk} \times 10\text{år} = 2.376.000,-$

Kostnad LED armatur over 10 år er:  $4000\text{t}/\text{år} \times 45\text{W} \times \text{kr } 1,10^* \times 400\text{stk} \times 10\text{år} = 792.000,-$

Sum innsparing ved skifte til LED:  $2.376.000 - 792.000 = 1.584.000,-$

Budsjett for kommunale veglys med omsyn til straumutgifter er 818 000kr .

\*Strømpris

### Trafikktrygging – 1 mill (Ny)

I 2021 vil ein ha på plass ein ny trafikktryggingssplan med tilhøyrande handlingsprogram. Skal planen ha ein misjon må det løyrvast midlar for å delfinansiere tiltak knytt til handlingsdel av trafikktryggingssplan.



## Sentrumsutvikling

### Strategisk egedomsutvikling (30038)

Midlar knytt til strategisk grunnverv i Volda sentrum er vidareført.

### Sentrumstiltak – 5 mill (30013)

Ein er no godt igong med ei rekkje tiltak som bidreg til styrkje Volda sin attraktivitet. Prosjekt som er igong eller i prosjektering før igangsetjing er moloprojektet, sanitærbygg ved hamna, tiltak mot elv og elveosen, Elvadalen og Presteholmen, parkmøblement, kaipromenade, Hamnegata og Møringsbåten. Ein vidarefører prosjektet med full tyngde i 2021 og fullfinansierer prosjekt som er i prosess.

## Maskinar, bilar og inventar

### Elbil og ladeinfrastruktur – 5 mill (30043)

Prosjektet er to ulike tiltak som er slått saman. Tiltak 1 går på utbygging av ladeinfrastruktur og er ei vidareføring av tiltak gjennomført i 2020. Tiltaket bidreg til at Volda legg til rette for overgang til «grønt» skifte i bilparken for alle sektorar. Løysingane knytt til ladeinfrastruktur vert opna opp for alle gjennom betalingsløysing. Tiltaket er naudsynt med omsyn til utskifting av bilpark i helse og omsorg i 2022.

Tiltak 2 er eit innsparingstiltak i egedomsavdelinga der ein går over til fossilfrie bilar. Skifte av biler vil auke tryggleik og gi driftsmessige fordelar. Ein ser for seg reduksjon i kostnadar og miljøgevinst lokalt. Overgang til ein elektrifisert bilpark vil vere meir effektiv mht. mykje stopp og start (rask varme i bil, ved frost mm) sett mot dieselbil parken som ein har i dag. Dagens bilpark er gamal og vil krevje noko utskift kvart år i åra som kjem, har relativt store utgifter med reparasjonar. Mindre effektiv drift med bilar ute av portefølje. Ny bilpark med garanti og elbil linje med færre reparasjonspunkt sett mot fossile bilar. Auke i utgifter til straum bør identifiserast brukt til «drivstoff» til bil, då ein aktivt arbeider med reduksjon i straumbuk på kommunale bygg.

### Skifte av brannbil (depot) – 1,1 mill (Ny)

Tiltaket er retta mot å oppretthalde best mogeleg beredskap for innbyggjarane på bygdene. Det vil og betre og tryggare arbeidstilhøve for brannmannskapet og dei som treng hjelp. Skal depotmannskapet kunne utføre slokke- eller redningsinnsats så må dei ha driftssikkert utstyr tilpassa oppgåva. Det er lagt til grunn å kjøpe inn same type bil som er innkjøpt til Dravlaus brandepot. Skifte ut bilane ved Steinsvik og Straumshamn depot. Ein bil i 2021 og ein i 2023.

### Bil og utstyr veg og park - 1,38mill (Ny)

Ein oppgraderer og skifter ut eldre utstyr samt investerer i ny tiltak som effektiviserer drifta ved avdelinga. I samla ramme er det lagt inn kjøp av snøfres, robotklippere, skifte av mindre lastebil og plentraktorer.

### Ny bil feiing – 0,7 mill (Ny)

Med større avstandar og dekningsområde må ein gå til innkjøp av ny feiebil. Tiltaket vil betre HMS tilhøva for tenesta. Investeringa vert belasta sjølvkostområdet feiing og vil vere naudsynt for å tilfredstillande tilgjengelegheit på transportmiddel for tenesta.

Energireducerande tiltak Prestegata 33 - Varmepump

Energireducerande tiltak Prestegata 33 - Varmepump

## Energireduserende tiltak Prestegata 33 – 0,3 mill (Ny)

Prestegata 33 er i dag stort sett drive med el-kjel og ved å investere i varmepumpe kan ein rekne inn ei årleg innsparing på 32.000 kr.

## Investeringsprosjekt vatn og avløp 2021-2031

### Vatn

Fremtidige investeringer												
<span>Hjem</span> <span>Grunnlagsdata</span> <span>Rapporter</span> <span>Utskrift</span> <span>Kopi</span> <span>Forrige</span> <span>Neste</span>												
Vann ← Velg gebyrområde												
<span>37 380 000</span> <span>0</span> <span>0</span> <span>37 380 000</span> <span>37 380 000</span> <span>1 212 750</span>												
Gebyrområde	Prosjekt	Beskrivelse	Investert (årstall)	Tatt i bruk (årstall)	Levetid (år)	Eventuell fordelings-nøkkel	Bruttokostnad (ekskl. mva.) (kr)	Tilskudd ol. (kr)	Tomtekostnad (kr)	Grunnlag kalkulatorisk rente (kr)	Grunnlag avskrivninger (kr)	Lineære KOSTRA-avskrivninger
Vann		Ny vaktbil	2021	2021	10		650 000			650 000	650 000	65 000
Vann	3.19	Uforutsette hendingar vatn	2021	2021	20		1 500 000			1 500 000	1 500 000	75 000
Vann	3.4	Overtaking og oppgradering av Høydal vassverk	2021	2021	20		5 000 000			5 000 000	5 000 000	250 000
Vann	4.10	Oppgraderer pumpestasjon driveklepp	2021	2021	20		500 000			500 000	500 000	25 000
Vann		Oppgradering av Fremmerida pumpestasjon	2021	2021	20		500 000			500 000	500 000	25 000
Vann		Ytrestøyen aggregat	2021	2021	20		300 000			300 000	300 000	15 000
Vann		Oppgradering av Grodås vassverk	2021	2021	20		1 200 000			1 200 000	1 200 000	60 000
Vann		Drikkefontene	2021	2021	20		180 000			180 000	180 000	9 000
Vann	1.18	Sagelva-Furene (Industrigata i Furene)	2021	2021	40		3 000 000			3 000 000	3 000 000	75 000
Vann	1.3	Heltnevegen/Grønbacken/Nygardsvegen/Bakkevegen etc.	2021	2021	40		2 000 000			2 000 000	2 000 000	50 000
Vann	1.5	Strandfjellet	2021	2021	40		3 000 000			3 000 000	3 000 000	75 000
Vann	3.2	Bygging av nytt HB2 inkl. ny ledning til Rotevatn	2021	2021	40		1 500 000			1 500 000	1 500 000	37 500
Vann		Samankopling Grodås og Holebakkane vassverk	2021	2021	40		7 500 000			7 500 000	7 500 000	187 500
Vann		Brannventiler og reduksjonsventiler	2021	2021	40		600 000			600 000	600 000	15 000
Vann		Kumutskifting farlege kummar	2021	2021	40		1 200 000			1 200 000	1 200 000	30 000
Vann	2.9 og 3.9	VA-anlegg Gausemel – Ytreshorn	2021	2021	40		8 750 000			8 750 000	8 750 000	218 750

### Avløp

Fremtidige investeringer												
<span>Hjem</span> <span>Grunnlagsdata</span> <span>Rapporter</span> <span>Utskrift</span> <span>Kopi</span> <span>Forrige</span> <span>Neste</span>												
Avløp ← Velg gebyrområde												
<span>27 100 000</span> <span>0</span> <span>0</span> <span>27 100 000</span> <span>27 100 000</span> <span>928 750</span>												
Gebyrområde	Prosjekt	Beskrivelse	Investert (årstall)	Tatt i bruk (årstall)	Levetid (år)	Eventuell fordelings-nøkkel	Bruttokostnad (ekskl. mva.) (kr)	Tilskudd ol. (kr)	Tomtekostnad (kr)	Grunnlag kalkulatorisk rente (kr)	Grunnlag avskrivninger (kr)	Lineære KOSTRA-avskrivninger
Avløp	2.16	Uforutsette hendingar avløp	2021	2021	20		500 000			500 000	500 000	25 000
Avløp	2.5	Nytt hovudreinseanlegg Volda sentrum	2021	2021	20		5 000 000			5 000 000	5 000 000	250 000
Avløp	4.4	Pumpestasjon Andanesvegen	2021	2021	20		2 000 000			2 000 000	2 000 000	100 000
Avløp		Oppgradering av Fyrde APS	2021	2021	20		150 000			150 000	150 000	7 500
Avløp		Oppgradering av Zask APS hornindal	2021	2021	20		2 000 000			2 000 000	2 000 000	100 000
Avløp		APS Botnasanden	2021	2021	20		400 000			400 000	400 000	20 000
Avløp	1.18	Sagelva-Furene (Industrigata i Furene)	2021	2021	40		3 000 000			3 000 000	3 000 000	75 000
Avløp	1.3	Heltnevegen/Grønbacken/Nygardsvegen/Bakkevegen etc.	2021	2021	40		2 000 000			2 000 000	2 000 000	50 000
Avløp	2.9 og 3.9	VA-anlegg Gausemel – Ytreshorn	2021	2021	40		8 750 000			8 750 000	8 750 000	218 750
Avløp		Pumpeledning langs E39	2021	2021	40		3 000 000			3 000 000	3 000 000	75 000
Avløp		Kumutskifting farlege kummar	2021	2021	40		300 000			300 000	300 000	7 500

## Sagelva – Furene


Fleire ledningsbrot i denne gata over fleire år har ført til mykje ekstraarbeid og ikkje tilfredstillande kvalitet på vassforsyninga. Tiltaket vil gi trygg og stabil leveranse av vatn til abonnentane. Prosjektet vil og omfatte avløpsledningar. Førebels kalkyle for prosjektet er 6 mill.



*Kartutsnitt over prosjektet*

## Heltnevegen/Grønbakken/Nygardsvegen/Bakkevegen

Sikre forsyning mot Volda sentrum og skifte ut eldre leidningar som har gitt mange leidningsbrot. Tiltaket vil forbetre leveringssikkerheita til abonnentar i sentrum, redusere antall km med gammalt leidningsnett, redusere antall lekkasjer. Førebels kalkyle for prosjektet er 4 mill. i 2021 og 28 mill i 2022.




*Kartutsnitt over prosjektet*

## Samankobling av Grodås og Holebakkane vassverk

Det er ikkje tilstrekkeleg med vatn i Holebakkane og sett i samanheng med nytt industriområdet på Raudemel og vatn til gardane på Tomasgard vil vassforbruket auke framover. Vi har driftsulemper og utfordringar i dag med vassleveranse og tiltaket vil sikre dette.


Ny vassleidning vert etablert langs den blå streken (Løvland – Raudemel industriområde) og vert eit samarbeid med Mørenett som skal legge ledningar i same trasè. Førabels kalkyle for prosjektet er 7,5 mill. i 2021.



*Kartutsnitt over prosjektet*

## Samankopling av Gausemel og Ytrehorn RA

Ny avløps og vassleidning rundt «Grenda» og fører til at vi kan kutte ut Gausemel RA. Gausemel RA er overbelasta medan Ytrehorn RA er designa for å kunne reinse avløpet i heile Hornindal. Det er ikkje effektivt å drifte to anlegg når det eine anlegget kan drifte heile området. Ein ynskjer også å få ned direkteutslipp til Storelva og tiltaket vil sikre vidare utvikling av hyttefeltet i Harevadet. Førabels kalkyle for prosjektet er 17,5 mill. i 2021.



*Kartutsnitt over prosjektet*

## Pumpeledning langs E39

Volda kommune har i dag ei avløpsledning som går ut i fjorden mellom Sanitetshuset og Eksetsvingen. Denne ledninga går i sjøen ureinsa og ein har ved fleire høve hatt problem med at ledninga gått tett. Det vi ynskjer med prosjektet er å få ei driftssikker løysing som også stetter reinsekrav til avløp. Tiltaket etablerer enkel pumpestasjon på nedsida av E39 som vil pumpe avløpet opp til pumpekum i gangvegen og at det vert etablert ny pumpeledning til Nordalen. Førebels kalkyle for prosjektet er 3 mill. i 2021



Kartutsnitt over prosjektet